

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 13. september 2019 11:58
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 31/2019, 13. SEPTEMBER

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 31/2019, 13. SEPTEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no<<mailto:jr@hivolda.no>>. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

ANIMATION VOLDA HAR STARTA: FESTIVAL 12.-15. SEPTEMBER

Den årlege animasjonsfestivalen starta torsdag 12. september med konsert i Samfunnshuset i Volda. Festivalen blir avslutta søndag med kortfilmar laga av elevar ved Øyra barneskule. Også i år vil verdsstjerner i animasjonsverda finne vegen til Volda under festivalen. <https://www.hivolda.no/mediefag/verdensstjerner-til-animation-volda-festival>

Her er heile programmet for festivalen:

<https://www.animationvolda.no/>

FORSKINGSDAGANE STARTAR KOMANDE VEKE: MILJØ ER TEMA

Forskingdagane ved Høgskulen i Volda går 19.-26. september. Her kan du mellom anna få med deg laurdagskafé om tre i natur og kultur, panelsamtale om naturen som forbruksvare, foredrag om ei vandring i fjellet sin teologi og filosofi og filmkveld i Hjørundfjord Filmteater som byr på ein islandsk feel-good film.

<https://www.hivolda.no/forsking-og-utvikling/forskingdagane-2019-miljo-som-tema>

HØGSKULESTYRET HADDE MØTE 12. SEPTEMBER

Høgskulestyret hadde sitt første ordinære møte torsdag 12. september. Styremøtet vart strøyma på

www.hivolda.no og er å finne i opptak. Saklista og sakspapira er

her: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/295988>

HØGSKULESTYRET: VAL AV NYE STUDENTREPRESENTANTAR

Studentrepresentantar i høgskulestyret er på val kvart år, og nett no er det valperiode. Det er høve til å røyste fram til 19. september.

<https://www.hivolda.no/nyhende/val-av-studentrepresentantar-til-hogskulestyret-2019>

VOLDASTUDENTAR UTVIKLAR ÅLESUND

Ålesund kommune får hjelp av studentar ved Planlegging og administrasjon i samband med utarbeiding av ny områdeplan for Aspøya. HVO-studentane ved bachelorstudiet i Volda skal bidra med innsamling av kunnskap om korleis innbyggerane på Aspøya opplever nærmiljøet sitt, og korleis dei kan tenke seg at nokre av dei kommunale områda skal utformast og nyttast i framtida.

<https://www.hivolda.no/nyhende/hvo-studentar-med-utvikling-av-ny-omradeplan>

VIDAREUTDANNING I KUNST OG HANDVERK: 20 LÆRARAR KURSA SEG I TREARBEID PÅ HVO

20 studentar frå landet rundt har vore samla i Volda for å lære meir om trearbeid i framtidsskolen. Kurset er ein del av Utdanningsdirektoratet (UDIR) sitt program for vidareutdanning av lærarar, Kompetanse for kvalitet. Her tilbyr Høgskulen i Volda studiet Kunst og handverk 1, 1.-10. årstrinn.

<https://www.hivolda.no/kulturfag/stort-behov-vidareutdanning-kunst-og-handverk>

STUDENTMEDIA ER PÅ LUFTA IGJEN: NÆRNETT, RADIO VOLDA, NÆRSYNET, NÆRAVISA

Praksisperioden for journaliststudentane har no teke til, og alle øvingsmedia er no på lufta. Nytt i haust er at Radio Volda også er å høyre på DAB. Nærnett er portalen å gå til for siste nytt frå Volda og regionen i vekene framover:

www.nerrett.no

STOR INTERESSE OG STORT BEHOV FOR UTVIKLING AV RETTLEIARAR

Professor II Kari Søndena (UIS) har vore i Volda og hatt møte med fagleg tilsette som ønskjer å utvikle seg vidare som rettleiarar. Behovet for og krava til rettleiarar aukar kraftig no når vi får stadig fleire masterstudentar. Ikkje minst på grunn av at alle studentane på grunnskulelærerutdanningane skal skrive master oppgåve. Søndena er administrativt plassert på Institutt for pedagogikk ved AHL, men ho har ei sentral rolle i arbeidet med pedagogisk basiskompetanse på Høgskulen i Volda.

TO BOK-KAPITTEL FRÅ EKELAND: "MEDIKALISERING AV PSYKOSOSIALE PROBLEM"

Tor-Johan Ekeland har bidrege med to kapittel i boka Medikalisering av psykososiale problemer, som nett har kome ut på Abstrakt forlag:

<https://www.haugenbok.no/Fagboeker/Helsefag-sosialfag/Medikalisering-av-psykososiale-problemer/19788279353966>

VALFORSKAR FOLKSTAD TRIVST I VALVINDEN

Førsteamanuensis Bjarne Folkestad har hatt ei kjekk og travel veke i samband med kommunevalet. Han forskar også på lokalval, og blir ofte kontakta som valforskar både av mediestudentar på høgskulen og andre media. Sjå blant anna dette oppslaget i Møre-Nytt (krev innlogging):

<https://www.morenytt.no/incoming/2019/09/11/Valforskar-%C2%ABVolda-er-sett-36-%C3%A5r-tilbake%C2%BB-19915097.ece>

PÅMINNING: UTDANNINGSKVALITET: UTLYSING AV NASJONAL PRIS FOR UTDANNINGSKVALITET FOR 2019 OG 2020

Kvalitetsorganet DIKU har utlyst den årlege prisen for kvalitet i utdanninga for 2019 og 2020. Frist for å kome med framlegg er 18.10.2019 for året 2019 og 31.1.2020 for året 2020. Institusjonar som vinn prisen får 1 million kroner. Meir informasjon på DIKUs nettsider: <https://diku.no/programmer/utdanningskvalitetsprisen-for-hoeyere-utdanning>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved

HVO: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.9.2019: Styremøte 5/2019

16.-17.9.2019: Forskingsseminar: "Dissenting forms of animation and film in socialist Europe 1945-1989"

<https://www.hivolda.no/english/eu-research-seminar-volda-university-college>

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø. <https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/forskingsdagane-2019-miljo-som-tema>

3.10.2019: Møte i Forskingsutvalet

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

24.-25.10.2019: Styreseminar og styremøte 6/2019

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

26-27.11.2019: Avdelingsseminar AHL

5.12.2019: Styremøte 7/2019

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/search?OrderBy=Published&Period=All&employer=1599#1>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

12.9.2019: Orientering til Høgskulestyret

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/09/12/orientering-til-hogskulestyret-12-september-2019/>

6.9.2019: Helsing til doktorand Kjetil Vaage Øie

<https://blogg.hivolda.no/jr/2019/09/12/helsing-til-doktorand-kjetil-vaage-oie-disputas-6-9-2019/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

HVO-blogger: <https://blogg.hivolda.no/>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Nytt om bygginga av Volda Campus Arena (Volda kommune): <https://www.volda.kommune.no/aktuelt/volda-campus-arena-vi-realiserer-idrettshall.72934.aspx>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

